

# AURLAND KOMMUNE

## Økonominettverk Voss 20. okt 2020



# Aurland kommune - kommunetal

- Innbyggjarar: 1.781
- Storleik: 1.468 kvadratkilometer
- Høgste topp: 1.809 Blåskavlen
  
- Ordførar: Trygve Skjerdal (Sp)
- Varaordførar David Underdal (Sp)



# Flaumrekneskap

- Om lag akkurat 6 år sidan flaumen.
- Skadane vart «taksert» av teknisk avdeling til 77,2 mill. Dette vart utbetalt frå Staten i 2014 og 2015. Sluttrekneskap vart framlagt i 2019 og samla kostnad var 81,7 mill. Differansen på kr 4,5 mill vart utbetalt gjennom rammetilskotet i 2020.
- Det vart ført eit nøyaktig rekneskap oppdelt i objekt og godkjent/kontrollert av Fylkesmannen v/Marit Lunde.
- Honnør til Teknisk avdeling som trefte så godt i prognosen og til Staten v/Fylkesmannen som godkjente rekneskapen og betalte ut.

# Organisering Aurland kommune

- Aurland kommune er organisert med flat struktur, det vil seie rådmann har 13 tenesteeiningar direkte under seg.
- Politisk er det to utval utanom dei som er lovfesta. Dei to utvala er levekårsutval og utval for plan og eigedom.
- I 2019 vart budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023 handsama i same sak.
- I 2020 vart budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024 handsama i to ulike saker. Kommuneplanen sin handlingsdel inngår i økonomiplanen.

# Nokre rekneskapstal Aurland kommune 2019

- Netto driftsresultat 5,1 mill.
- Samla netto utgifter på driftseiningane er 170,8 mill, medan justert budsjett var 169,8
- Disposisjonsfond pr 31.12.19 kr 21,0 mill.
- Lånegjeld til eigne investeringar 2019: 190,4 mill (av dette er 37 mill ubrukte lånemidlar).

# Ny kommunelov

- Aurland kommune har fokusert på bruk av måltal i budsjettet for 2020 og økonomiplan for dei neste 4 åra.
- Disse 4 måltala har kommunestyret vedteke skal nyttast i budsjett og økonomiplan:
  - Netto driftsresultat: 2 % korrigert netto driftsresultat.
  - Gjeldsgrad: Max 75 %
  - Disposisjonsfond Minst 10 % av brutto driftsinntekter
  - Konesjonsavgiftsfond: Minimum 20 mill pr 31.12.2024

# Skjema i ny kommunelov

- Hadde problem med nye skjema i budsjett og økonomiplan
- Fekk differansar når eg køyrde ut rapportar frå Visma.
- Bruk og avsetning fond må trekkast ut i frå tenesteeiningane?



# Måltal 1: Netto driftsresultat

- Minimum 2 % korrigert netto driftsresultat.
- Skal bedre fondsavsetningar og kommunen sitt handlingsrom.
- Definisjon av korrigert netto driftsresultat: Netto driftsresultat er i prinsippet driftsinntekter minus driftskostnader.
- Ein har valt å trekke ut bruk og avsetning til bundne fond samt premieavvik frå dette resultatet då dette ikkje direkte høyrer heime i dette omgrepet.
- For 2019 var netto driftsresultat 2,02 % medan korrigert netto driftsresultat var 0,6 %

# Måltal 2: Gjeldsgrad

- Aurland kommune sin gjeldsgrad
- Definisjon av gjeldsgrad: Lånegjeld til egne investeringar i prosent av brutto driftsinntekter.
- Ved utgangen av 2019 var gjeldsgraden for Aurland kommune 69 %.

# Måltal 3: Disposisjonsfond

- Kommunen sitt disposisjonsfond skal ikkje vere mindre enn 10 % av dei totale inntektene. Dette skal nåast i løpet av planperioden.
- Ved utgangen av 2019 var disposisjonsfondet 21 mil – brutto driftsinntekter var 268,6 mill
- 10 % utgjer 26,9 mill.

# Måltal 4: Konesjonsavgiftsfondet.

- Kommunen skal styrke konesjonsavgiftsfondet og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill pr 31.12.24.
- Ved utgangen av 2010 var fondet på kr 11,1 mill.
- Det blir tilført 17,4 mill pr år i konesjonsavgifter som går rett inn i fondet.

# Erfaringar med bruk av måltal i 2020.

- Spesielt måttalet for gjeldsgrad har skapt usemje/diskusjonsgrunnlag mellom administrasjon og politikk.
- Politikarane ønskjer få få fortgang i investeringar noko som vil medføre høgare gjeld enn måttalet. Dette gjeld først og fremst bygging av eit nytt helsetun. Det blir mellom anna trekt fram at det vil vere «lønsomt» å investere no med tanke på låg rentesats sjølv om ein då kjem over måttalet for gjeldsgrad dei første åra.

# Sinjarheim i Aurlandsdalen



# Boksing er populært i Aurland



# Sogn Jord og Hagebruksskule

